

HOVUDTRENNAR / DAGLEG LEIAR (50%)

Vil du vere med å forme framtidens symjarar på søre Sunnmøre?

Ytre Søre Sunnmøre Symjeklubb (YSSS) er ein klubb i vekst, med stort engasjement og eit inkluderande miljø. I år vart vi heidra med **Årets Utviklingspris** frå Norges Svømmeforbund 🏆 – eit bevis på at vi skapar noko heilt spesielt her på ytre søre Sunnmøre. I 2026 feirar vi 10-årsjubileum og satsar for å ta klubben til nye høgder.

Derfor søker vi no hovudtrenar/dagleg leiari i ei 50% stilling. Vi ser etter ein leiari med sterk påverknadskraft – ein som kan motivere, engasjere og løfte både symjarar, trenarteam og klubben til nye høgder.

Kven er vi?

YSSS er ein aktiv og framtidretta symjeklubb med base i eit av dei vakraste områda i landet. Vi har:

- Aktivitet i tre kommunar på søre Sunnmøre; Hareid, Ulstein og Herøy,
- Eit sterkt fellesskap blant utøvarar, foreldre og frivillige,
- Treningstilbod for både breidde og talent, vi er ein konkurranseklubb med årleg deltaking på LÅMØ,
- Fokus på utvikling, trivsel og meistring - eit miljø der både barn og ungdom får blomstre i og utanfor bassenget.

Kva ser vi etter?

Vi søker deg som:

- Har erfaring frå symjesporten og som symjetrenar. (*Ingen krav om formell trenarutdanning*),
- Har utdanning innan idrett, pedagogikk el.l.,
- Brenn for utvikling av barn og unge,
- Er strukturert, engasjert, har stor gjennomføringsevne og god til å samarbeide,
- Har gode norskerferdigheiter munnleg og skriftleg,
- Har førarkort klasse B.

Kva blir jobben din?

Som hovudtrenar får du sportsleg hovudansvar for all treningsaktivitet i klubben. Ansvar inkluderer:

- Planlegge og gjennomføre treningsøkter for alle treningsgrupper (alder 10-16 år),
- Oppfølging av utøvarane individuelt og i gruppe, inkludert utviklingsplanar,
- Rettleiing og oppfølging av hjelpetrenarar,
- Utvikle årsplan og handtere påmelding og oppfølging på stemner,
- Handtere kommunikasjon, lisensar, Spond, klubb-arrangement, osb.

Som dagleg leiari får du overordna ansvar for dagleg drift av symjeklubben, som inkluderer:

- Leie og koordinere dagleg drift i tråd med styrevedtak og årshjul,
- Personalansvar,
- Overordna drift av symjeskolen og tett samarbeid med symjeskulekoordinator,
- Økonomi, administrasjon, medlemsoppfølging,
- Du vil jobbe tett med styret og vere ein nøkkelperson for vidare utvikling av klubben.

Kva tilbyr vi?

- Ei 50% stilling som kombinert hovudtrenar og dagleg leiari,
- Ein spennande, fleksibel og variert kvardag,
- Lønn etter kvalifikasjonar, pensjons- og forsikringsordning.
- Moglegheit til å påverke og utvikle klubben,
- Trenarutdanning gjennom NSF,
- Eit inkluderande og støttande miljø.

Vi vil finne den **riktige** personen til klubben og er opne for å diskutere stillingsprosent og oppdeling. Formell trenarutdanning er ikkje naudsynt for å søke, men erfaring med symjing er viktig.



Lokalt engasjement – nasjonal merksemd

Vil du bidra til å utvikle talent og skape symjeglede? Les meir: www.ysss.no.

Følg oss på **Facebook** og **Instagram**

📞 **Spørsmål?** Kontakt **Katrine Vestbøstad**:
Telefon: 916 07 158 | E-post: styreleiar@ysss.no

Søknad og CV til: info@ysss.no
(med kopi til styreleiar@ysss.no)
Frist: 31.12.2025